



NARKOTIKASTATISTIKK 1. HALVÅRET 2018

Om statistikken


Kripos' narkotikastatistikk er ein total, nasjonal statistikk som inneheld både toll- og politibeslag.

Tala er ikkje heilt sikre. Det er fordi om lag 2/3 av narkotikasakene er mindre saker som blir avgjorde med førelegg, utan at stofftypen er verifisert med analyse. Her er omtrentleg mengd og truleg stofftype registrert og lagd til grunn for statistikken.

På grunn av den nylege overgangen til eit nytt datasystem ligg berre tal på nasjonalt nivå føre, ikkje distriktsnivå, når halvårsstatistikken for 2018 blir utarbeidd. Vi tek sikte på å presentere ei distriktsoversikt i årsrapporten for 2018.

Generell saksutvikling

I første halvåret av 2018 er det registrert 11 927 narkotikasaker.¹ Det er ein nedgang på om lag 7 % i forhold 2017.



Definisjonar

Ved Kripos nyttar vi desse definisjonane:

Sak:

Eit journalført oppdrag motteke ved Kripos. Sakstalet tek ikkje omsyn til den påtalemessige bruken av omgrepa bruk, innehav, omsetjing og innførsel. Det betyr at eitt og same høve kun er registrert som ei sak ved Kripos.

Beslag:

I ei sak kan det ofte vere fleire beslag. Det kan dreie seg om ulike stofftypar, eller at beslaga er gjorde på ulike stader og tidspunkt. Delpakkar med ein og same stofftype regner ein derimot som eitt beslag dersom beslaga er gjorde på same tid og stad.

¹ Sak: Eit journalført oppdrag motteke ved Kripos. Talet på saker er uavhengig av den påtalemessige bruken av omgrepa bruk, innehav, omsetnad og innførsel. Det betyr at ei og same straffbare handling berre er registrert som éi sak ved Kripos.

Narkotikamarknaden har forandra seg det siste tiåret. Internett, både det mørke nettet, sosiale medium og opne kanalar, har blitt omsetnadskanalar for illegale rusmiddel. Sjølv om omsetnaden via internett er liten i forhold til den totale marknaden, ser han ut til å vere aukande.² Både nye, psykoaktive stoff og tradisjonell narkotika blir omsette på internett.

Ein annan trend som har festa seg gjennom dei siste åra, er at det stadig blir beslaglagt fleire forskjellige stofftypar i ei og same sak. Det gjeld i både brukarsaker og større innførselssaker.

Dei viktigaste utviklingstrekk

- Store mengder hasj
- Aukande beslagsfrekvens for MDMA, kokain og GHB/GBL
- Beslag av potente fentanylforbindelsar

Beslagsutvikling for dei enkelte stoffgruppene

Utviklinga i talet på beslag³ og beslaglagd mengd for enkelte stoffgrupper er kommentert i tekst og vist i diagram under.

Cannabis – store mengder hasj og høg styrkegrad

Første halvåret 2018 er det beslaglagt 2 010 kg cannabisprodukt fordelt på 6 633 beslag. Talet på beslag er på same nivået som dei føregåande to åra, men det har vore større mengder i 2016. Spesielt er det beslaglagt store mengder hasj.

Som elles i Europa⁴ har styrkegraden på cannabisprodukt auka kraftig dei siste åra. For dei hasjbeslaga der styrkegraden er bestemd, er gjennomsnittet for dei siste to åra om lag 23 % THC.

Amfetamin/metamfetamin – amfetamin dominerer

Det er beslaglagt 220 kg amfetamin/metamfetamin fordelt på 2 558 beslag. Det samla beslaglagde kvantumet av amfetamin og metamfetamin ligg på gjennomsnittet for dei siste 5 åra. Den beslaglagde mengda metamfetamin er likevel berre 19 kg, og har ikkje vore lægre det siste tiåret. Amfetamin utgjør 79 % av talet på beslag og 91 % av kvantumet for amfetamin/metamfetamin. Talet på beslag viser ein svakt fallande trend.

Den gjennomsnittlege styrkegraden på amfetamin er 24 %, og det er litt høgre enn dei to føregåande åra. Den gjennomsnittlege styrkegraden på metamfetamin har gått motsett veg og er 35 % så langt i år.

2 Europeisk narkotikarapport. Trendar og utvikling 2018. Europeisk overvakingssenter for narkotika og narkotikamisbruk, 2018.

3 Beslag: I ei sak kan det ofte vere fleire beslag. Det kan dreie seg om ulike stofftypar, eller at beslaga er gjorde på forskjellige stader og på ulike tidspunkt. Delpakningar med ein og same stofftype reknar vi derimot som eitt beslag dersom beslaga er gjorde på same tida og same staden.

4 Europeisk narkotikarapport. Trendar og utvikling 2018. Europeisk overvakingssenter for narkotika og narkotikamisbruk, 2018.

Kokain – auke i beslagstalet, betydeleg høgre reinleik

Første halvåret er det beslaglagt 29,8 kg kokain fordelt på 705 beslag. Medan det dei siste åra har vore ein nedgang i talet på beslag for dei aller fleste stoffa, har talet på kokainbeslag vore aukande. Jamført med fjoråret har det vore ein auke på 10 % i talet på beslag. Beslaglagde mengder er likevel lægre enn på fleire år.

Det er store forskjellar i styrkegraden på beslaga, frå under 20 % til om lag 95 %. Det er stadig oftare beslag med svært høg reinleik, og den gjennomsnittlege styrkegraden for kokain har auka til 66 % i første halvåret av 2018. Det er den høgste gjennomsnittlege reinleiksgraden sidan 2002.

Andre europeiske land melder òg om auke i talet på beslag og aukande reinleik på kokain.⁵

Heroin – fallande beslagsfrekvens

Det er beslaglagt 36,1 kg heroin fordelt på 326 beslag. Talet på beslag har vist ein fallande trend sidan 2010. Jamført med fjoråret er det ein reduksjon på 10 % i talet på beslag. Mengdene er likevel på gjennomsnittet for det siste tiåret.

Den gjennomsnittlege styrkegraden på heroin fall frå om lag 45 % rundt tusenårsskiftet til 13 % i 2012. Deretter auka reinleiken litt og stabiliserte seg på 18–20 % dei neste fem åra. Det siste året har styrkegraden falle litt igjen og er 15 % hittil i år.

MDMA – framleis sterkt aukande beslagsfrekvens

Det er beslaglagt om lag 19 000 tablettar og om lag 5 kg MDMA-pulver og krystallinsk materiale fordelt på 654 beslag. Sidan 2010 er MDMA blitt beslaglagt stadig oftare, og i 2018 er det ein auke på 14 % i talet på beslag jamført med fjoråret. Dei beslaglagde mengdene er på same nivået som i fjor. Etter det låge nivået på MDMA-beslag omkring 2010 har marknaden teke seg betydeleg opp igjen både i Noreg og elles i Europa. Produksjonen skjer i hovudsak i Nederland og Belgia, der fleire store produksjonsstader er oppdaga og destruerte dei siste åra.⁶ Ei rekke av MDMA-beslaga er postsendingar tollvesenet har beslaglagt, der stoffet er bestilt over internett, på same måten som for NPS.

MDMA-produkta har generelt høg reinleik. Pulver og krystallinsk materiale har gjerne ein styrkegrad på 85–95 %. Mengda MDMA i tablettar har gått opp etter at MDMA kom tilbake på marknaden, men det er variasjonar frå under 100 til over 200 mg/tablett. Høg og uføreseieleg reinleik gjer at det er ein betydeleg risiko for overdose.

LSD – på same nivået som i fjor

Det er beslaglagt 4 151 einingar LSD fordelt på 163 beslag. Talet på beslag er litt lægre enn i fjor, medan mengdene er litt høgre. LSD utgjer framleis ein liten del av narkotikabeslaga, men beslagstala tyder på at stoffet har fått ein auka popularitet både i Noreg og Europa⁷ dei siste åra.

5 Europeisk narkotikarapport. Trendar og utvikling 2018. Europeisk overvakingssenter for narkotika og narkotikamisbruk, 2018.

6 Europeisk narkotikarapport. Trendar og utvikling 2018. Europeisk overvakingssenter for narkotika og narkotikamisbruk, 2018.

7 Europeisk narkotikarapport. Trendar og utvikling 2018. Europeisk overvakingssenter for narkotika og narkotikamisbruk, 2018.

Benzodiazepin – fallande trend dei siste fem åra

Det er beslaglagt 229 000 tablettar fordelt på 2 320 beslag. Dei siste fem åra har både talet på beslag og beslaglagde mengder vist ein fallande trend. I 2018 er talet på beslag på same nivået som dei to føregåande åra, medan kvantumet er det lågste det siste tiåret. Klonazepamhaldige tablettar dominerer og utgjer rundt halvparten av talet på beslag og beslaglagde mengder. Diazepam og alprazolam står for mange av dei andre beslaga.

GHB/ GBL – stor auke i beslagstalet

Det er beslaglagt 208 liter GHB/GBL fordelt på 362 beslag. Talet på GHB/GBL-beslag har auka med 25 % i forhold til fjoråret. Året før var beslagsauken på heile 37 %. Dette er svært store endringar på kort tid, og tyder på auka popu-laritet og auka bruk. Beslaglagd mengd er på same nivået som i fjor.

Nye, psykoaktive stoff (NPS) – nedgang i talet på NPS-beslag, men urovekkjande beslag av potente fentanylforbindelsar

Kategorien NPS omfattar rusgjevande stoffer, i rein form eller blandingar, som ikkje er regulerte i FN's alminnelege narkotikakonvensjon av 1961 eller FN-konvensjonen om psykotrope stoff av 1971, men som kan vere like farlege for folkehelsa som stoff som er oppførde i desse konvensjonane. Ordet «ny» betyr ikkje at gruppa berre inneheld nyutvikla stoff, for fleire NPS har eksistert i mange år. Det betyr at stoffa relativt sett er nye på marknaden jamført med meir tradisjonelle stoff, og at dei ikkje er regulerte i konvensjonane ovanfor.⁸

Etter nokre år med kraftig beslagsauke har det vore ein betydeleg nedgang i NPS-beslag dei siste tre åra. Beslaga er, som tidlegare år, fordelt på mange ulike stoff, og det er berre få beslag av kvart enkelt stoff. Det er både stoff som er regulerte ved gruppeoppføring eller førde opp med namn på narkotikalista, og stoff som fell utanfor regelverket. Nye, uregulerte stoff kjem til, men mange stoff blir berre beslaglagde nokre får gonger før dei blir borte igjen. Dei stoffa som er beslaglagde oftast dei siste par åra, er benzodiazepinliknande stoff. Deretter følgjer syntetiske cannabinoid.

Sjølv om NPS generelt viser ein betydeleg nedgang, har det dukka opp nokre nye, ekstremt potente og farlege fentanylforbindelsar. Legemiddelet fentanyl blir brukt ved anestesi og til behandling av sterke, kroniske smerter, medan dei andre fentanylforbindelsane som er beslaglagde i Noreg, ikkje har ein legal bruk. Dei er illegalt produserte berre for rusformål. Fentanylforbindelsane er generelt svært potente, men det er store forskjellar mellom stoffa. Medan legemiddelet fentanyl er om lag 100 gonger meir potent enn morfin, er karfentanil om lag 10 000 gonger meir potent enn morfin.⁹ Fentanylforbindelsane finst i væskeform (augedråpe- og nasesprayflasker), pulver, tablettar og som LSD-liknande blotterpapir.

8 https://www.unodc.org/documents/drugs/printmaterials2013/NPS_leaffet/WDC13_NPS_leaffet_EN_LORES.pdf, henta 08.08.16

9 <https://oslo-universitetssykehus.no/om-oss/nyheter/advarer-mot-stoffet-karfentanil>, henta 30.01.18

Fentanyler er i aukande grad årsaka til overdosedødsfall, spesielt i USA,¹⁰ men òg i Europa.¹¹ I Noreg har det òg vore fleire dødsfall knytte til bruk av ulike fentanylanalogar, til tross for at det hittil har vore relativt få beslag her i landet. Tabellen under gir ei oversikt over beslag av fentanylanalogar som Kripos har verifisert med analysar.

	Talet på beslag i perioden 2016–2018
Acetylfentanyl	1
Furanylfentanyl	12
Karfentanil	1
Syklopropylfentanyl	4
Butyrylfentanyl	1
Metoxyacetylfentanyl	3


Anabole androgene steroid – beslagstalet viser ein svakt aukande trend

Etter at bruk og innehav av dopingmiddel blei kriminalisert sommaren 2013, var det ein kraftig auke i beslag av anabole androgene steroid i 2014. Spesielt var auken stor i dei minste sakene, det vil seie typiske brukarsaker som blei avgjorde med førelegg. I 2015 gjekk talet på beslag litt ned jamført med 2014, men var enno betydeleg høgre enn før lovendringa. Dei siste tre åra har talet på beslag vist ein svakt aukande trend. Som i tidlegare år blir det beslaglagt både tablettar, kapslar, ampullar, hetteglas og litt reinstoff. Testosteron, trenbolon og stanozolol er dei stoffa som blir beslaglagde oftast.


10 <https://edition.cnn.com/2018/07/12/health/fentanyl-opioid-deaths/index.html>, henta 04.08.18

11 <http://www.emcdda.europa.eu/system/files/publications/8870/2018-2489-td0118414enn.pdf>, henta 04.08.18


Cannabis fordeling i antall beslag




Cannabis beslaglagt mengde (kg)



Amfetamin og Metamfetamin fordeling i antall beslag




Amfetamin og Metamfetamin fordeling av beslaglagt mengde (kg)




* Beslag av amfetamin- og metamfetaminbase er omregnet til mengde pulver av normal styrkegrad (30 og 35 % som var normal styrkegrad for henholdsvis amfetamin og metamfetamin i 2013 er brukt for alle årene).


Amfetamin og Metamfetamin gjennomsnittlig styrkegrad (%)




Kokain antall beslag




Kokain beslaglagt mengde (kg)




Kokain gjennomsnittlig styrkegrad (%)



MDMA (Ecstasy) antall beslag




MDMA (Ecstasy) beslaglagt mengde (antall tabletter x 1000)




■ Tabletter ■ Pulver omregnet til tabletter*

*Beslaglagt mengde pulver er omregnet til tabletter med 100 mg virkestoff. Det er tatt utgangspunkt i at beslaglagt pulver har en styrkegrad på 85 %. Pulverbeslagene er jevnt over av høy renhet, gjerne > 90 %.


Heroin antall beslag




Heroin beslaglagt mengde (kg)




Heroin gjennomsnittlig styrkegrad (%)




GHB og GBL antall beslag




GHB og GBL beslaglagt mengde (liter)




Benzodiazepiner antall beslag




Benzodiazepiner beslaglagt mengde (antall tabletter x 1000)



LSD antall beslag



LSD beslaglagt mengde (enheter)



Anabole androgene steroider (AAS) antall beslag

